



Norges vassdrag og energidirektorat

Saksnr. 24/297	Dok-ID 24/4607	Arkivkode S05	Sakshandsamar SYV	Dato: 04.04.2024
-------------------	-------------------	------------------	----------------------	---------------------

Fråsegn sak 202320163

Detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Seltuftvatn

Viser til høyring av detaljplan for rehabilitering av damanlegg ved Seltuftvatn.

Høyanger kommune er positiv til at Statkraft planlegg rehabilitering av dam Seltuftvatn, og meiner dette har stor samfunnsnytte.

På generelt grunnlag oppmodar ein om å ta i vare ålmenne interesser kring friluftsliv, samt landbruksinteresser. Det er beitande dyr i området, og det bør leggst til rette for god dialog og informasjon mot interessentar og grunneigarar.

Ein oppmodar vidare om å redusere landskapsinngrep til eit minimum, samt ha fokus på tilbakeføring og tilstelling av areal. Med omsyn til planlagd anleggsveg viser ein til Statsforvaltaren i Vestland sin uttale om tilbakeføring til dagens tilstand, og støttar deira synspunkt i saka. Ein gjer merksam på at det må søkjast om dispensasjon for tiltaka etter reglane i plan- og bygningslova.

I framlegg til revidert arealdel ligg Seltuftvatn innanfor omsynssone drikkevattn då vatnet er kopla saman med drikkevassforsyningskjelder gjennom overføringskanalar.

Rehabiliteringsarbeidet betyr at Statkraft må nytte kommunal veg som tilkomstveg til anleggsområde. Den kommunale vegen er truleg ikkje dimensjonert for slik bruk. Høyanger kommune ber med dette Statkraft om å gjer greie for bruk av køyretøy (vekt og lengde), og eventuelt søkje om nødvendig dispensasjonar før anleggsarbeidet startar. Høyanger kommune vil snarleg gjere ei vurdering av om den kommunale vegen er rett klassifisert med omsyn til vogntoglengde, bruksklasse og totalvekt.

Med helsing

Synne Vefring
einingsleiar plan, prosjekt og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent dersom det ikkje er signert